

# Sunnhordland Kraftlag AS - Halvårsrapport 2023

## *Konsernet Sunnhordland Kraftlag AS (SKL)*

Sunnhordland Kraftlag AS (SKL) er eit reindyrka konsern innan produksjon av vasskraft. Konsernet sine anlegg ligg hovudsakleg i Hordaland i Vestland, og Rogaland. Gjennomsnittleg kraftproduksjon i stasjonane er 2,3 TWh. Selskapet produserer dessutan kraft i Sauda gjennom ein eigardel på 15 % i Saudefaldene AS. Konsernet satsar også på småkraft, for det meste i eigne datterselskap og tilknytt selskap.

### *Resultat pr 30.06.2023*

2022 var eit særslig år i kraftbransjen: Preg av Putin sin krig i Ukraina, var kraftprisane på eit nivå me aldri før har sett. Første halvår i 2023 er det framleis krig i Ukraina, men den europeiske og norske kraftmarknaden er rolegare. Europa har gjort ein imponerande jobb med å gjera seg meir uavhengig av russisk gass. Reduksjon i forbruk, auke i vind og sol, samt auka leveranse av gass frå blant anna Noreg, har ført til at kraftprisane har vore betydeleg lågare enn førre år. Når det er sagt, så er kraftprisane framleis høgare enn det me historisk har vore vant med. Dette halvåret har òg lært oss at prisane, i den nye tida, er mykje meir volatile enn det me har sett før.

Første kvartal 2023 starta for SKL med høg magasinstand, relativt normalt tilsig og normal høg produksjon. Då me gjekk inn i andre kvartal fekk me ein betrakteleg tørrare vår og dermed mindre produksjon. Totalt har dette ført til at SKL sin produksjon til no i år, særleg i juni, er lågare enn normalt.

Me har sett store svingingar i kraftprisen, både gjennom døgnet og veka, og generelt har kraftprisen vore fallande gjennom første halvår 2023.

Resultatet for første halvår enda på 330,4 mill.kr etter skatt, mot 748,4 mill.kr i tilsvarende periode i 2022. Driftsresultatet vart totalt positivt med 939,7 mill. kroner mot 1 686,6 mill. kroner i 2022.

Total driftskostnadene utgjer 431,4 mill. kroner, mot 319,9 mill. kroner for tilsvarende periode i 2022. Lønn og andre driftskostnadene utgjorde 72,4 mill. kroner mot 66,3 mill. kroner for same periode i 2022. Auken skuldast ein kombinasjon av fleire kraftstasjonar i drift, auke i tal på tilsette og generell prisstigning. «Avgift på kraftproduksjon» utgjer 108,2 mill.kroner, det var ikkje slik avgift første halvår i 2022. Totalt utgjer Eigedomsskatt, Konsesjonsavgift og Avgift på kraftproduksjon 139,8 mill.kr av dei totale driftskostnadene.

Finanspostar gir netto positivt bidrag til resultatet med 32,1 mill. kroner mot 18,3 mill. kroner i 2022. Forbetringa skuldast lågt innlån, stor likviditetsbeholdning og kortsiktig plassering første halvår.

Eigenkapitalen var 3 367,5 mill. kroner pr 30.06.2023 av ein totalkapital på 4 879,3 mill. kroner. Eigenkapitalandelen var 69,0%, mot 65,2% på tilsvarende tidspunkt i 2022. Total renteberande gjeld utgjorde 621,7 mill. kroner, uendra frå tilsvarende tidspunkt i 2022.

Netto likviditetsendring frå drifta første halvår er negativ med 2 004,7 mill. kroner etter betalt skatt på 3 012,1 mill. kroner. Den negative kontantstraumen er dekka inn mellom anna gjennom redusert kortsiktig finansiell plassering. Netto investering i driftsmidlar og finansielle anleggsmidlar utgjer 68,6 mill. kroner. Det er utbetaut utbytte til eigalar og minoritetsinteresser med 1 107,7 mill. kroner.

Kontantar og bankinnskot utgjorde 632,6 mill. kroner pr. 30.06.2023, inkludert fordring inneståande konsernkonto.

## *Kraftproduksjon*

Faktisk produksjonen var første halvår 2023 totalt 977 GWh i SKL AS sine anlegg, mot 1060 GWh i tilsvarende periode i 2022.

Selskapet sin del av produksjon i heil- eller deleigde småkraftselskap utgjorde 67,4 GWh i første halvår 2023 mot 75,2 i 2022. Samanlikna med 2022 er eit nytt småkraftverk kome i produksjon (Einungstølsåna)

Gjennomsnittleg områdepris i NO2 i første halvår 2023 vart 107,0 øre/kWh, medan tilsvarende periode i 2022 var 162,8 øre/kWh. Høgast månadleg gjennomsnittspris i første halvår 2023 var januar med 126,6 øre/kWh, medan mai vart lågast i perioden med 80,7 øre/kWh.

Hovudvolumet av kraft vert sold til spotpris på kraftbørsen Nordpool. Oppnådd pris på fritt omsetteleg kraft i perioden fram til og med veke 25 vart 117,0 øre/kWh eksklusiv systemtenester, og 119,1 øre/kWh når ein inkluderer inntekter frå frekvensstøtte i primær- og tertiærmarknadene.

## *Investering i driftsmidlar og finansielle anlegg*

Det er gjort ny- og reinvesteringar i driftsmidlar med 53,3 mill. kroner i konsernet, samt finansielle investering i andre selskap med 15,2 mill. kroner.

26,6 mill. kroner av investeringane er nyttta til bygging av nye Løkjelsvatn Kraftverk i Litledalen, Etne. Arbeida i fjellet starta ved årsskifte 2018/2019. Alt fjell- og byggningsarbeid er no fullført og montasje av elektro- og mekaniske komponentar føregår. Det er venta å setja anlegget i prøvedrift i 2023. Kraftverket er venta å produsere 160 GWh og gje netto ny produksjon på 20 GWh. Løkjelsvatn Kraftverk erstattar produksjonen frå tre aggregat i to eksisterande kraftverk.

Det er investert 2,6 mill. kroner til ferdigstilling av Einungstølsåna Kraftverk i Valldalen (9 GWh) som er sett i drift sommaren 2023.

Resterande investeringar gjeld hovudsakleg mindre revisjonar av eksisterande kraftverk.

## *Helse, miljø og sikkerheit*

Konsernet hadde ein H1-verdi på 0 pr. juni 2023, mot 10,6 pr. juni 2022. Sjukefråværet i konsernet var på 2,5% første halvår 2023, mot likt som same periode i 2022.